

Innbrudd på Geologen

Av Siw Brandal Godø

Ålesund og Omegn Geologiforening har vore utsatt for innbrudd og tjuveri for andre gong på under ett år. Det er fortvilande når slikt skjer for det medfører klubben store tap når samlinga dei har vert redusert på en slik måte.

Geologiforeninga har gjennom 33 år opparbeidd seg ei samling av dei bergartar og mineralar som finnes i Norge, og litt av utenlandsk opprinnelse. Dette er prøver som vi enten har bytta til oss, eller har henta til utstillinga gjennom å reise på turar til både fjell og fjøre. Omsetningsverdi på desse steinane er "lik null" sjølv om det kan sjå ut som enkelte av dei er ganske eksklusive. Det er affeksjonsverdien og det å kunne lage ei slik samling av prøver til internt bruk, bl.a til opplæring i geologi som er det unike her.

Chalkopyritten (bilde under) er ei av dei prøvene som sikkert kan vere fristande for et utrena auge. Den har store klumpar

med gullfarga Pyritt /Svovelkis og vert ofte kalla Påfuglstein fordi den har et skimrende fargespill i strukturen. Denne steinen er en av dei som forsvant natt til laurdag.

Alle skapdører og skuffer stod åpne da vi ankom, men heldigvis var ikke noe ødelagt bortsett fra det knuste vinduet som den eller de kom seg inn gjennom.

Geologiforeninga presiserer at dei har ingenting av verdi som det er verdt bryte seg inn for. Å erstatte et knust vindu kan gjerast på nokre timar, men det å gjenopprette samlinga vår er noko vi kanskje aldri klarer.

